



## Saksframlegg

Vår ref. 24/1064 - 1  
Sakshandsamar Anne Kommedal  
Dato 15.04.2024

Saksnr.	Utval	Møtedato
24/050	Eidfjord formannskap	22.04.2024

### Handsaming av innspel til kommuneplanen sin arealdel

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedlegg 1 og 2 vert vedteke som førelagt frå styringsgruppa for kommuneplanen sin arealdel.

For punkter i vedlegg 3 er det etter drøfting og votering i møtet gjort fylgjande val:

- Nr. 1 Tal einingar i LNF-spreidd-område
  - Votering:
- Nr. 26 Gondolbane i Eidfjord sentrum
  - Votering:
- Nr. 45 Justering fritidsbustadfelt Gardsmyrane (gbnr. 18/1)
  - Votering:
- Nr. 47, 48, 80 Næringsutvikling i Simadal
  - Votering:
- Nr. 92 Aktivitetssenter Fet / Garen golfbane
  - Votering:

### Eidfjord formannskap 22.04.2024

#### Handsaming

Framlegg, foreslått av Anders Vatile, Eidfjord senterparti

Punkt 1: Planutvalet opnar for inntill fira einingar i vidare arbeid.

Punkt 26: Planutvalet er negativ til å arbeida vidare med dette no.

Punkt 45 b: Positiv til at ein arbeidar vidare med initivet. Setja krav til omsyn til myr og planfri kryssing av skiløyper gjennom planområdet.

Punkt 47,48,80: Planutvalet ynskjer at ein arbeidar vidare med med samanhengande næringsareal frå fjorden og forbi dei to eksisterande sandtaka.

92: Planutvalet er positiv til å arbeida vidare med initiativet.

### **Røysting:**

Vedlegg 1 og 2 vert vedteke som førelagt frå styringsgruppa for kommuneplanen sin arealdel.

For punkter i vedlegg 3 er det etter drøfting og votering i møtet gjort fylgjande val:

Punkt 1: Samrøystes vedteke.

Punkt 26: Vedteke mot 1 røyst.

Punkt 45 b. Vedteke mot 2 røyster.

Punkt 47,47,80: Samrøystes vedteke.

Punkt 92: Samrøystes vedteke.

### **FSK - 24/050 vedtak**

Vedlegg 1 og 2 vert vedteke som førelagt frå styringsgruppa for kommuneplanen sin arealdel.

For punkter i vedlegg 3 er det etter drøfting og votering i møtet gjort fylgjande val:

Punkt 1: Planutvalet opnar for inntill fira einingar i vidare arbeid.

Punkt 26: Planutvalet er negativ til å arbeida vidare med dette no.

Punkt 45 b: Positiv til at ein arbeidar vidare med initiativet. Setja krav til omsyn til myr og planfri kryssing av skiløyper gjennom planområdet.

Punkt 47,48,80: Planutvalet ynskjer at ein arbeidar vidare med med samanhengande næringsareal frå fjorden og forbi dei to eksisterande sandtaka.

92: Planutvalet er positiv til å arbeida vidare med initiativet.

### **Vedlagt:**

KU- og ROS-vurdering av innspel til kommuneplanen sin arealdel

Vedlegg 1: Innspel ein ikkje kjem til å jobba vidare med

Vedlegg 2: Innspel ein skal jobba vidare med

Vedlegg 3: Innspel til votering i formannskapet

### **Desse har uttalt seg i saka:**

Politisk styringsgruppe til kommuneplanen sin arealdel

## **Vedtak skal sendast til:**

Vedtaket vert lagt i kommunen sitt planregister.

Innspelsgjevarar vert ikkje varsla i gjeldande omgang, då det gjenstår arbeid med kvart enkelt innspel som ein vel å gå vidare med. Samtlege avsendarar av innspel skal varslast ved utlegging av plan på høyring. I den omgangen vil innsendarane ha moglegheit til å gje høyringsinnspel til val som er gjort i planen.

## **Endeleg avgjerd i:**

Formannskapet

## **Saka gjeld:**

Kommunestyret vedtok i 2021 å starta opp arbeidet med revisjon av kommuneplanen sin arealdel. Gjeldande kommuneplan hadde eit tidsperspektiv frå 2008-2022. I ny plan var det behov for å taka opp fleire tema som mellom anna:

- Hardangerviddatunnelane
- Arealbruk i Simadal
- Arealbruk i Sysendalen
- Regulering av Ytre Bu som del av Eidfjord kommune
- Skredfare knytt til Tussafoten i Øvre Eidfjord

Gjeldande kommuneplan er av alder, og er utforma etter gamal plan- og bygningslov. Planen har difor eit behov for oppdatering med nye arealføremål og føresegner etter nytt lovverk.

Som grunnlag for kommuneplanen ligg eit planprogram som gjer føringar for kva ein skal arbeida med i kommuneplanrevisjonen. Planprogrammet gjer fylgjande sentrale tema, som innspela vert vurdert opp mot:

- Bustad og fritidsbustad
- Handel, næring og turisme
- Infrastruktur (veg, vann, avlaup)
- Natur, kultur og friluftsverdiar
- Nyttig av sjøareal
- Mineralressurser
- Klausulering av vasskjelder
- Bu
- Arealrekneskap

I oppstarten av kommuneplanen sin arealdel er det gjennomført folkemøter og temamøter kor innbyggjarane sine generelle ynskjer og tanker har kome fram. Målsetnaden med møtene var å ta temperaturen på innbyggjarane, forsøka å engasjera kring kommuneplanlegging og synleggjera kor viktig denne delen av planlegginga er for å forma lokalsamfunnet vår. Den overordna arealutnyttinga kjem fram gjennom kommuneplanen, noko som har følger for områdene me dagleg ferdast i. Kommunen nyttar tankane frå folke- og temamøtene som eit kunnskapsgrunnlag i vurderingane som vert gjort gjennom arbeidet. Dette ligg som grunnlag i vurderingar for innspel, utforming av planen og ved innlegging element som kommunen ser som naudsynte.

Vidare i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel har kommunen hatt ein open innspelsperiode for innbyggjarar og interessenter. Perioden var avgrensa frå 1. oktober 2022 til 31. mars 2023. Kommunen mottok i denne perioda 45 innspel.

Kommunen har i etterkant fått eit ekstra innspel som kom vinter 2023, nr. 92. Dette innspelet er vurdert på same må som dei andre. Innspela har vorte vurdert etter ein felles metodikk for konsekvensutredning (KU) samt ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) for tiltaket. KU- og ROS-vurderingane gjer eit fagleg blick på om innspelet bør takast inn i planen eller ikkje. Innspel nr. 92 som kom etter fristen har ikkje vore drøfta inngåande i møtene med politikarane, berre omtalt, dermed blir innspelet drøfta i gjeldande formannskapsmøte.

Innspela er vurdert etter ein felles metodikk for KU og ROS. Føremålet med ei konsekvensutgreiing (KU) er at den skal skildra og vurdere planen sine verknader for miljø og samfunn i tråd med krav i forskrifta om konsekvensutgreiingar. KU-en vurderer områdets verdi, tiltaket sitt omfang, konsekvens for området og om temaet er i tråd med planprogrammets fokus. Ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) skal vurdere innspela i ljøs av farelementer relatert til skredproblematikk, klimaendringar og auka vassføring. Dersom det vert føreslegen utbygging i områder kor det er stor usikkerheit knytt til samfunnstryggleik, og beredskap, skal innspelet avvisast eller setjast krav om ytterlegare utgreiing og eventuelt sikring før ei eventuell utbygging. ROS-en vurderer opp mot samfunnsverdiar som liv og helse, natur og miljø og materielle verdiar. KU- og ROS-systemet kan de lesa meir inngåande om i vedlegget kor ROS og KU er gjennomført for kvart enkelt innspel. Her beskrives metodikken i detalj.

Den politiske styringsgruppa har gjennomgått og vurdert alle innspela, i ljøs av gjennomført KU og ROS. På bakgrunn av dette har dei teke val på kva innspel ein skal arbeida vidare med og kva innspel ein ikkje kjem til å arbeida vidare med. I drøftinga av nokre innspel var det ueinigheit, desse skal drøftast i formannskapet og voterast over i møtet om ein skal arbeida vidare med eller ikkje.

I innspelsrunda er det kommet inn nokre innspel som vert vurdert som "generelle". Desse innspel er ikkje koordinatfesta, gje ein føring for arbeidet eller er eit innspel som ein ikkje kan handsama i overordna kommuneplan. Desse kjem fram i KU og ROS-en og vert ikkje vurdert gjennom same metodikk som dei koordinatfesta innspela.

Nokre innspel har styringsgruppa ikkje hatt høve til å vurdere eit resultat av grunna andre pågåande prosessar. Innspela knytter seg i stor grad mot høgjellet; Hardangervidda og Rv. 7. Det er semd i gruppa om at det må gjerast tiltak på felta, dog er me avhengige av kva som skjer på andre fronter før ein kan gjera konkrete val for dei ulike elementa. Problemstillingen famnar fylgjande innspel:

- Nr. 12 Parkeringsproblematikk Tinnhøelvegen/Rv. 7 og villreinomsyn
- Nr. 32 Avgrensa areal for kiting for Hardangervidda
- Nr. 35 Regulering parkering Isdal
- Nr. 50 Parkeringsproblematikk Rv. 7 ved Dyranut
- Nr. 52 Parkeringsproblematikk Rv. 7 over Hardangervidda
- Nr. 82 Utvikling kring Halne Fjellstova

Styringsgruppa vonar me får klarheit i regionale og nasjonale føringar i løpet av våren og sommaren som kan sei noko om kva val ein bør gjera i forhold til innspela.

### **Vurdering:**

Forankringa av kommuneplanen sin arealdel er politisk. Den overordna kommuneplanen skal gje hovudtrekka i arealdisponeringa i kommunen og syna kva retning kommunen ynskjer å utvikla seg i. Den politiske styringsgruppa har ei viktig

rolle inn i arbeidet med kommuneplanen gjennom strategiske val i arealdisponeringa, til dømes gjennom innspela.

Saksframlegget legg fram forslag til ei del innspel som ein skal arbeida vidare med (vedlegg 1) og ein del innspel som ein ikkje skal arbeida vidare med (vedlegg 2). Vedlegg 3 syner innspel det ikkje vart einigheit om i styringsgruppa, og derav skal voterast over. For voteringa er det fylgjande alternativet:

- Ja, ein skal arbeida vidare med innspelet
- Nei, ein skal ikkje arbeida vidare med innspelet

Vedlegg

Vedlegg 3 Innspel til drøfting

Vedlegg 1 Innspel å arbeida vidare med

Vedlegg 2 Innspel å ikkje arbeida vidare med

Risiko- og sårbarhetsanalyse og konsekvensutredning for kommuneplanens arealdel